

## Asfaltering i sentrum i kveld.

28.11.2016



Klargjering til asfalteringa tok til mens det enno var dagslys.

**MESTA har jobba med klargjering til asfaltering på Brekketoppen i ettermiddag. Sjølve asfalteringa vert gjort no i kveld. Dermed kan ein sjå slutten på eit omfattande arbeid med påkopling og framføring av avløpet ( VA ) frå byggefelta i Halsane til sjøen. Det som var tenkt å vera utskifting av to kummar, vart graving i Fylkesvegen frå Auto 88 til kryssen ved nedkøyrsla til Beinavikjo.**

Med dette vert det lagt ny asfalt med ei lengde på om lag 100 meter. Dimmelsvik Entreprenør har hatt jobben med graving og utskifting av røyr. Sjølve asfalteringa gjer MESTA for Statens Vegvesen. Vegbanen har i fleire veker vore avgrensa til eit køyrefelt. Sjølv om plassen delvis er ein bakke topp har trafikken vorte fint avvikla utan bruk av stopplys.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Asfalteringa held fram i kveld.